

«TUNET» - BRUKERSTYRT SENTER

Veit ikkje om lesarane husker at eg skreiv om dette i det første nummeret i år. Nå som eg omtrent er nabo med senteret, måtte eg berre innom for å høyra koss dei hadde hatt det i denne koronatida, og om det framleis gjekk an og kjøpa middag der.

Som sist vart eg ynskt velkomen av mange blide damer. Eg kjente middagslukt frå komfyren, så det var tydeleg at her var ting på gang som før. Men det hadde vore endring her og, som så mange andre stader. Dei hadde halde fram med å laga middag, men ingen kom til senteret for å eta den. Nei, den vart køyrt ut til brukarane. Men nå var det tilbake til normalen igjen, og det kan passa godt for meg, som berre har 5 minuttsgange dit. Middag må ein som før, bestilla dagen før, eller før kl. 09.00 same dag. Middagen er kl. 12.00, og til vanleg er det 10 personar som et i lag, til ein pris av kr. 50.



Vibeke, her med eit fargefint strikk i fanget, har eit artistnamn: «gode høns»

Strikke-kafeen har og vore stengt i denne tida, men den starter opp att måndag 31. august kl. 18.00. Og held «basseluskane» seg borte, så held strikkekafeen fram som før, den siste måndag i månaden frå kl. 18.00 og utover.

I denne «stengde tida» hadde senteret starta med ein ny aktivitet. Dei henta mat på Matsentralen i Sandnes, som dei køyrde ut til rusmisbrukarar og andre vanskeligstilte i kommunen. Dette har godt så bra, og vore så vellukka, at det vil senteret berre halda fram med.

Laurdag 28. november skal senteret ha ope hus. Då skal dei ha boder med sal av ymse ting som er laga på senteret. I tillegg vert det basar. Dei som ikkje har fått kjøpt lodd tidlegare, kan få det på dagen. Det vert og sal av mat og kaffi. Her er alle velkomne.

Vibeke Sørskog, ein av brukarane på senteret, har til og med laga ein song, som eg fekk lov til å ha i bladet, og den går på melodien «Gøy på landet»

1. På Aktiviteten her me samlast, noen syr og noen strikker.

Ja, her er det åpent, både dager og kvelder.

Me prater og me har det kjekt, me koser oss i sammen.

Med kaffi, kos og goe mat, så går jo heile dagen.

Refreng: Gøy på ståvå, gøy på ståvå. Det er sånn me synest om. Ja, det er jo sikkert.

Gøy på ståvå, gøy på ståvå, Dette er sånn me synest om.

2. Ja me som samlest her, me har det veldig kjekt i sammen.

Med mange goe historier, blir det en kjempegoe latter.

Ja, alle har noe godt å si, som mange her kan le av.

Refreng:

Til slutt så vil eg takke de som jobber her på huset.

En kjempestore takk, for at me får denne goe stunden.

Eg gleder meg og koser meg, når eg tar seieren i kortspill.

Ja, det er alltid kjekt når gutter taper i vri 8'n

Refreng: Gøy på ståvå, gøy på ståvå. Her må me tebage igjen – ja, det er jo sikkert.

Gøy på ståvå. Gøy på ståvå. Ja, her må me tebage igjen (x2)



I 2019 fekk me testa ut UNGJULI som gratis klubbtilbod i ferien. Det var Hå kulturskule og me i ungdomsklubbane i Hå som ynskja å laga dette tilbodet saman. I tillegg kunne me tilby gratis ferie for nokre ungdommar for andre år på rad. Begge tilboda var svært gode og etterlengta. Med mykje søknad for å vera med på gratis sommarferie, og eit registrert besøk på 550 ungdom på UNGIJULI var det ein heilt klar suksess.

Ragnvald Wernøe, rektor i Hå kulturskule, ville meir. Om me kunne laga eit så bra sommartilbod for ungdom i Hå, kunne me kanskje og klara å få til noko for born. Med tidlegare tilbod «Ungdomsklubb på hjul» i tankane, fekk han ideen om eit gratis tilbod for born frå 4.trinn og opp til og med 7. trinn. Anette Jensen Gimre tok jobben som leiar av tilbodet, og slik segla BARNIJULI seg gjennom kommunen med

flagget til topps. Høgste besøkstal var 98 stk. utfor biblioteket på Nærbø fyrste måndagen i juli. Det var ein sliten men lukkeleg arbeidsgjeng som pakka ned og førebudde seg til neste dag i Lensmannsløa på Varhaug. Då juliveret viste seg å innehalde berre ein soldag, og det den siste julidagen, blei besøka i kommunen innandørs for det meste. Veret stoppa ikkje besøka, og heller ikkje avstand. BARNIJULI stoppa i bygdene fram til Sirevåg, og der kom det framleis ungar frå heile kommunen for å delta på leikar, song, lesing og lykkeshjul. Over 800 ungar nytta seg av tilbodet 3 veker i juli. Rektor Wernøe deltok sjølv fleire av vekene med tryllekunstnar og godt humør, og støtta også opp i Loen på Hå kulturtorg og UNGIJULI, då det viste seg at besøkstala der hadde dobla seg og vel så det sidan i fjor.



Ungjuli: Ole Elias Bergersen har kontroll på vinyltrykk, og hjelper ungdom å laga festlege t-skjorter

UNGIJULI opna sitt andre år med same arbeidsgjeng som sist. Usikre og spente på oppmøte gjetta dei seg på ulike besøkstal, og håpa på litt auke sidan sist. Eit tilbud for ungdom kl. 12.00 - 15.00 krevjar bl.a. at ungdommen set på vekkarklokka og når bort før stenging... Det høgste besøkstalet fyrste året var 40 ungdom, men like ofte berre 20. Undringa var difor stor då det i god tid før opning stod kø utfor døra! 63 ungdom fant nemleg vegen 1.juli, og fredag 89. Korleis skulle dette ende? Det blei hanka inn litt ekstra arbeidskraft, og etter 4 veker med godstemning, spel, teikning, bingo, musikk, god mat og mykje meir hadde UNGIJULI registrert over 1200 besøk på 4 veker. Over dobbelt så mange som i fjor. Nokre ungdom nytta tilbudet kvar einaste dag, andre litt no og då. Tilbakemeldingane frå ungdommen var

varme og gode, og kvifor oppe berre i juli? Dei hadde jo fri og lite å gjere på både før og etter. Nytt av året var og at endå fleire ungdom frå heile kommunen kom til Nærbø. Sjølv om flest nok høyrde til Nærbø, kom svært mange frå dei andre bygdene og, og noko av det dei sette mest pris på var å få nye venner.

Sjølv om tekst og bilete syner kor bra dette er, må det likevel stolt leggjast til: Dette er så ufatteleg bra! I staden for å sova vekk dagane eller ligga klistra til ein skjerm, har ungdommar og born ledd, leika, blitt forelska og blitt sett. Dei har ete, tulla og fått nye venner... og det har ikkje kosta ei krone! (For andre enn kommunen og Saniteten som sponsa maten til barnijuli med støtte frå Gjensidigestiftelsen).



Barnijuli: Mange likte godt å vera kreative med fargar, kitt og måling



Ungjuli: Marthine Høyland Lode laga filmar, tik tok og spelte inn song med dei som ville.

Desse skal lage tidenes sommar for born i Hå. Her får du oversikta over kva dei skal gjere



JUBEL FOR BARN I JULI: (frå venstre): Avdelingsbibliotekar ved Hå folkebibliotek, Anette Madland, frivilligheitskoordinator i Hå og leiar i Nærbø sanitetsforeining, Merethe Elin Kvia, Kulturskule-leiar Ragnvald Wernøe og barne- og ungdomsarbeidar og nestleiar i Nærbø sanitetsforeining Annette Jensen Gimre. Foto: Mikkjell Lønning

Av [Mikkjell Lønning](#)

Publisert: 20.06.20 09:30

Del

Nærbø sanitetsforeining har fått 100.000 kroner til prosjektet «Barn i juli», eit inkluderande gratisarrangement som går frå 1. til 24. juli i regi av Hå kulturskule.

 For abonnentar

- Me er kjempestolte over dette, seier Ragnvald Wernøe, leiar for Hå kulturskule.

Sola strålar, og det same gjer dei fire som sit oppstilt på plenen til Hå folkebibliotek. Planane om å arrangere eit gratis aktivitetstilbod for born i Hå har nemleg fått 100.000 kroner i støtte frå Gjensidigestiftelsen.

Frå første juli vil Kulturskulen, Hå frivillighetssentral og Nærbø sanitetsforening vere med på å sette opp kjekke tilbod for ungar som skal byrje i 4.-klasse til hausten, til og med dei som startar i 7.-klasse.

– Tanken er at me set opp telt. Det skal vere litt tivoli, sirkus og fargar, fortel Wernøe.

Det leggjast til rette for enkel servering, og blant anna dans, quiz, allsong og høgtlesing.

Fleksibel ordning

Måndagar skal dei vere på Nærbø, ved biblioteket. Tysdagar tar dei turen til Varhaug ved rådhuset, og onsdagar skal dei vere utfor SeMeg-stasjonen på Vigrestad. Torsdag held dei seg ved biblioteket på Ogna, og fredagar skal dei vere i hamna i Sirevåg.

Dette skjer frå klokka 12.00 til 15.00 kvar dag frå 1. til og med 24. juli. Det er fri inngang for born i målgruppa, og ein treng ikkje melde seg på.

– Me skal ha eit stort hovudtelt, og eit lite bibliotektelt for seg sjølv. Når ungane kjem må dei registrere seg, slik at me veit kven som er der. Så er det jo dette med vêrforhold. Me har ein backup, men me tar det som det kjem, seier Wernøe.



TILRETTELAGT TILBOD: Kulturskule-leiar Ragnvald Wernøe ønskjer å leggje til rette for behova til borna i størst mogleg grad. Dei som driv aktivitetane er difor instruerte til å vere fleksible. Foto: Mikkjell Lønning

– Kulturskulen har tilsett unge vaksne som er gode på dans og musikk. Samstundes har alle vore oppmoda til å vere fleksible, dersom folk ikkje vil danse og slikt. Me kan spele ludo, ein kan hente fram ukulelen, ha quiz, og me skal ha høgtlesing.

Vil skape leselest

Biblioteket er med for å oppmode borna til å lese, og ungane kan få låne bøker og lydbøker som dei vil. Ein lesekonkurranse, tufta på mekanismar i spel, skal engasjere ungane. Det blir òg mogleg å hente bøker på biblioteka i løpet av sommaren.

– Forsking har vist at leseferdigheitene til born dalar veldig gjennom sommaren, og det tar gjerne lang tid før dei er fullt tilbake. Me har difor ein digital lesekampanje, der borna kan oppnå digitale lesestrefé. Dette får dei av å lese ulike sjangrar eller så og så mange sider. Deretter kan dei hente premiar på biblioteket når dei kjem til nivå 10, 20 og 30, fortel Anette Madland, avdelingsbibliotekar ved Hå folkebibliotek.

Temaet for konkurransen er «djupt vatn», og alle som kjem til nivå 40 vil vere med i ei ekstra trekning av ein fin premie.

Unntak frå smittevernsreglar

Ved eit liknande arrangement i fjor, kom det mellom 14 og 49 ungar på dei ulike dagane. No som koronapandemien har ført til ei rekkje tiltak for smitteredusering, har dei fokus på tryggleiken. Det er likevel slikt at regelen om éin meter avstand ikkje gjeld for denne type arrangement.

– Regjeringa har sagt at kulturskular eller sommarleiarar som driv aktivitetar for born opp til 20 år, er gitt unntak for regelen om éin meter avstand. Det gjer alt lettare for oss. Me skal framleis ta omsyn og skrive opp kven som er der, seier Wernøe.

Les mer om: [Oppvekst og utdanning](#) [Hå](#) [Kultur](#)

Lik Jærbladet på Facebook

Lik dette Du og 18k andre likar dette.

Fleire saker






Andreas klarte noko som forgjengaren ikkje klarte

ANNONSE



Først laga Liv Karin (35) kvardagskomedie frå Jæren. Så reiste ho til Morialeiren og møtte flyktningar





Slik skal Klepp-elevane Nelia og Naomi bli endå betre til å lesa og skriva



Karin (27) frå Klepp var med i NRK-serie: - Det dei fleste har spurt om, var om eg var gravid på ekte





TV-aktuelle Eva frå Vigrestad: - Då eg fylte 50, var målet å bli flinkare til å gjera ting eg ikkje kan

Til toppen

Jærbladet

Besøksadresse: Meierigata 22, 4340 Bryne • Postadresse: Postboks 23, 4349 Bryne • Sentralbord: 51 77 99 00 • Tips: 400 07 900
• [Ansvarleg redaktør: Kirsten Marie Myklebust](#) • [Personvernpolicy / Informasjonskapsler](#) • [Redaktørplakaten](#) • [PFU](#)

Jærbladet © 2021



KULTUR HÅ UNGDOM SOMMER

Nytt ferietilbud har ført til nye vennskap



BARISTA: Mai-Kristin Skogland (13) får opplæring som barista av den engasjerte læreren Ole Elias Bergersen.
Foto: Hilde Anette Ebbesvik

Av [Hilde Anette Ebbesvik](#)

28. juli 2019, kl. 16:00 [v](#)

Spill, 3D-print, biljard, musikk og tegning har ført flere ungdommer sammen på Nærbø.

DEL

f

...

Det er en lav summing og latter på Hå kulturorg en vakker sommerdag i juli idet klokka bikker to. Rundt 20 ungdommer fyller lokalet med aktiviteter.

Kulturskolen og ungdomsklubben har satt i gang arrangementet «Ung i juli» for å gi dem mellom 13 og 18 et sommertilbud.

- Her kan de få gjøre alt det de måtte finne på. Vi arrangerer turnering om de vil det, sier Birk Andreassen Nes, som sitter med noen ungdommer rundt et tegnebord.

Han har i hele sommer tatt imot ungdommene som hver dag kommer inn dørene. Rundt 20 ungdommer har brukt tilbudet hver dag, og på det meste var det 40 innom.

Behov

- Det kjekkeste er å få prøve nye ting, som å designe egen T-skjorte og lære å lage kaffe. Og så har jeg fått en ny venn! Vi ble kjent da vi skulle syngesammen, forteller Mai-Kristin Skogland (13).

Utenom en uke der hun var på ferie, har hun vært innom kulturtorget hver dag.

- Av og til har det vært bedre enn ferie, sier hun, før hun går tilbake til å vri om et håndtak på kaffemaskinen og lager ferdig kaffen hun holder på med.



LÆRER: Mai-Kristin Skogland (13) har vært innom klubbhuset tre av fire uker i juli, og gleder seg over å lære nye ting, som å lage en cappuchino av instruktør Ole Elias Bergersen. Foto: Hilde Anette Ebbesvik

Hun blir instruert av Ole Elias Bergersen som har fått sommerjobb der han aktiviserer ungdommene.

- Det er kjempespennende at de fikk noe slikt som dette i gang. At noen i det hele tatt kom på at vi trenger dette er fantastisk! Vi har sett at det blir godt brukt, så det er absolutt behov for det, sier Bergersen.

Vil fortsette

Det var Ragnvald Wernøe, rektor i Hå kulturskule og Monica Cecilie Herredsvela, aktivitetsleder for ungdom, som fikk ideen om å gi ungdommene et tilbud i feriemåned.

- Når mange reiser på ferie er det noen som synes det er ensomt når en venn reiser bort. Noen her har fortalt at de har funnet seg nye venner i løpet av sommeren, sier Herredsvela.

Her har kommet ungdommer som holder på å lære seg norsk, og de som bare vil ha noe annet å gjøre enn å sitte hjemme.

Det har for det meste vært ungdom i 13-års alderen, som de håper vil komme igjen neste år om de kan tilby det samme da.



KJEKT: Benjanmin Ueland (12) storkoser seg på Nærbø der han får være sammen med andre kamerater i sommerferien. Foto: Hilde Anette Ebbesvik

- Vi har jobbet beinhardt for å få dette til, og trenger støtte neste år. Det er mange glade fjes her, så det tyder på at dette er et godt tilbud, sier Herredsvela.

Mange aktiviteter

Det er tid for bingo, og ungdommene legger fra seg tegneblyanter og kortspill for å være med. Alle får hvert sitt brett, og premiene legges fram.

Et etter et tall blir ramset opp, og spenningen øker.

– Årh, jeg har 19, ikke 20, sier en av guttene i sofaen som nesten ikke klarer å sitte stille i håp om at hans tall dukker opp.




BINGO: Vetle Lervik Hagen (f.v), Benjamin Ueland, Mathias Svanes og Leander Gravdal Bye håper på å få fem på rad slik at de vinner bingo og sikrer seg en av premiene. Foto: Hilde Anette Ebbesvik

De fire har vært innom så mye de har hatt tid til i sommer, og setter pris på å ha et sted å treffes.

– Det er veldig gilt. Vi har spilt Magic (kortspill), prøvd VR-billene og spilt biljard, sier Leander Gravdal Bye.

– **Vi har vært på ferie også, men hver gang jeg har vært hjemme har jeg vært her. Det er kjedelig å bare være ute, sier Mathias Svanes.**





KONSENTRERTE: Emma Brouwer (13), Abdiwabah Mohamed (14) og Emil Wøien Wernøe til høyre er langt inne i spill-verden der konkurranseinstinctet er høyt. Foto: Hilde Anette Ebbesvik



LES OGSÅ

En fullsatt hall tok imot landslaget på Nærbø



LES OGSÅ

Ny badestrand får terningkast fem: - Kanskje Jærens fineste perle

Lik Jærbladet på Facebook

Lik dette

Du og 15k andre likar dette.



Les meir om: [Kultur](#) [Hå](#) [Ungdom](#) [Sommer](#)

Sjå kommentarar




Tobias (19) fra Hå kapret stor rolle: - Jeg kjente ikke til Jørn Lier Horst i det hele tatt før dette prosjektet



Denne foreldrelause jenta skal fylla Storstova i advent for andre året på rad





Har du begynt å stresse med julehandelen? Kanskje dette vil hjelpe på humøret



Han får Klepps frivilligpris i år



På støttekonserten i 2017 fekk Skambankt ei openberring. I år takkar dei med å samla eit stjernelag

Kommentarer til denne saken



Til toppen

[HÅ KOMMUNE](#) [SOMMAR](#) [FERIE](#) [UNGDOM](#) [HÅ](#)

Gratis sommartilbod for ungdom i Hå



Ragnvald Wernøe, rektor i Hå kulturskule og aktivitetsleiar for ungdom Monica Cecilie Herredsvela gler seg til å opna førene for ungdom i juli. Foto: Jorunn Erga Steinsland

Av [Jorunn Erga Steinsland](#)

27. mai 2019, kl. 05:00 ▼

Kulturskulen og ungdomsklubben håpar å trekkja mange ungdommar til Nærbø i juli.

DEL

f

...

Kvar vekedag i heile juli kan ungdom frå 13 til 18 år koma til Loen ungdomsklubb. Tilbodet skal vera gratis. Bak det ferske sommartilbodet står rektor Ragnar Wernøe i Hå kulturskule og aktivitetsleiar

for ungdom Monica Herredsvela.

For heile kommunen

Sommartilbodet skal vera for ungdom frå heile Hå kommune og blir fast på Nærbø i lokala til Loen ungdomsklubb.

Tilbodet har fått namnet "Ung i juli i Hå kommune" og inspirasjonen er henta frå Sverige.

– Dette er noko eg har tenkt på i fleire år. Konseptet kulturskule er ofte veldig tradisjonelt og veldig "skulsk", seier Wernøe.

Han ønskjer å utvida kulturskule-tilbodet til også å innehalda meir uorganiserte aktivitetar som fenger fleire enn dei som kvar veke går på eit fast tilbod.

– Dei som gjerne treng eit tilbod der dei får utfolda seg kreativt, når me ikkje i dag, seier han.

I tillegg trur dei to at sommarferien kan vera veldig lang for mange ungdommar.

– Me veit at mange er einsame, og særleg i sommarferien er det nok mange ungdommar som sit heime, seier Herredsvela.

Ulike aktivitetar

Dei to er opptekne av at sommartilbodet skal ha så låg terskel som går an. Tilboda vil variera, men her kan dei som ønskjer blant anna få prøva seg på bandinstrument, teatersport, dans, vinyltrykk, teikning, spela eit brettspel eller bare drøsa med andre ungdommar eller vaksne.

Dei fleste som skal styra tilbodet er unge vaksne frå 18 til 25 år, som tidlegare har vore elevar i kulturskulen. I tillegg vil både Herredsvela og Wernøe vera innom.

Dei yngste som kan bruka tilbodet er dei som skal begynna i åttande klasse til hausten.

Lik Jærbladet på Facebook

Lik dette


Du og 15k andre likar dette.



Les meir om: [Hå kommune](#) [Sommar](#) [Ferie](#) [Ungdom](#) [Hå](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker





Her går speidarane ned kyrkjetårnet


ANNONSE



I kø for å sikra seg klem av heile landets "Helsesista"



Helsesista kjem til Bryne og Storstova



Denne sparkesykkelen er ulovleg. Nå varslar politiet aksjonar



Er du klar for litt sommarvarme?

Kommentarer til denne saken

Eldste Nyeste Populære

[Debattregler](#)

Du skriver som: [Tove Obrestad Wøien](#) ▾

Kommenter

[Til toppen](#)

Besøksadresse: Meierigata 22, 4340 Bryne • Postadresse: Postboks 23, 4349 Bryne • Sentralbord: 51 77 99 00
• Tips: 400 07 900 • Ansvarleg redaktør: Kirsten Marie Myklebust • Personvernpolicy / Informasjonskapsler
• Redaktørplakaten • PFU

© 2019